

Representanten **Marthe Hammer** (SV) har stilt slikt spørsmål:

Viser til spørsmål 23.september om iverksetting av bompengavtalen. Der står det at prisreduksjonar vil kunne iverksetjast 4-6 veker etter signering, og at ein 23.september ikkje hadde fått dato for regjeringsgodkjenning.

Avtalen vart signert 24.september og er derfor no regjeringsgodkjent.

I avtalen er det skissert 40-45 mill kr til auka ruteproduksjon, samt 50 mill kr til reduserte bussprisar og bompengetakstar.

Spørsmål til samferdsledirektøren:

- Er det snakk om reell auka på 40 -45 mill til ruteproduksjon?
- Viss det er tilfelle:
 - Kor mange nye bussavgangar og avgangar med bybanen vil dette føre til?
 - Er det avklart kor denne auken skal iverksetjast? På kva måte involverer ein kommunane og folkevalde i denne auken?
- Er det sett dato for iverksetjing av prisreduksjon på buss og bompengar, no som avtalen er regjeringsgodkjent?

Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport:

1. I PS-sak SAMO 75/2020 og FUV 188/2020 «Årleg ruteendringsprosess og rammer for bruk av belønningsmidlar» er det vedteke bruk av 40-45 mill. kr av belønningsmidlar til tiltak for styrking og forbetring av kollektivtilbodet i Bergen. Tiltaka er del av oppfølging av Trafikkplan Bergen og omlegging av stamlinjenettet, og inneber ei reell styrking av ruteproduksjonen for buss i Bergen. Det er pr. i dag ikkje planar for styrking av tilbodet på bybanen linje 1.
2. Omlegging av stamlinjenettet, og tiltaka som er skissert i nemnte politisk sak, inneber ei ombygging av linjenettet i Bergen. Nokre linjer vert forlenga og/eller det vert nye samankoplingar av linjer, medan enkelte linjer vert avkorta. Tiltaka inneber og endringar i tilbodet på linjer som vert oppretthalde slik vi kjenner dei i dag - utvalde linjer vil bli styrka, medan nokre vert redusert. Samanlikna med tilbodet slik det ligg føre i konkurransegrunnlaget, vil tiltaka innebere totalt rundt 400 nye turar. I tillegg kjem nye turar som følgje av forlenga linjer.
3. Fylkesrådmannen viser her til ovannemnte sak, som gjer greie for hovudområda for tiltaka og samhandling med kommunane.
4. Skyss førebur nå prisjustering på periodebillettar buss og bybanen som følgje av løyving på 50 millionar kroner. Nye prisar vil gjelde frå 1. november. Når det gjeld spørsmålet om iverksetting av prisreduksjon på bompengar så er det ikkje sett dato på dette pr no.